



KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1

Januar/Februar 1980

34. årg.

Kva ødet kan verka

Det er fortalt om den store bilet-hoggaren Michelangelo (1475—1564) at før han tok til med å hogga på den namngjetne statuen av kong David, var tankane hans i lang tid opptekne med Davids soge og hans vakre salmar. Ved det ville han prøva å få så sterkt inntrykk som råd var av Davids karakter, og korleis han må ha sett ut. Då han meinte å ha fått det rette innsyn av personen, stengde han seg inne i arbeidsromet sitt. Av det harde marmoret meisla han der fram eit andlet som vaks i fagerdom etter som det vann skapnad.

Då verket var ferdig, bad han inn venene sine til å sjå på statuen. Dei såg på biletstyta og undra seg over dette. Men dei såg noko *anna* som fylte dei med ikkje mindre undring. Michelangelo hadde fått ein annan

dåm over seg. Det hadde gått for seg minst like stor omskaping med kunstnaren sjølv som med marmoret. Kunstnaren sitt andlet hadde vorte mildare, og røysta og heile hans utsjåande fagrare. Medan han dag etter dag hadde vore fylt av Guds-ordet etter denne heilage songaren, hadde han vorte honom meir lik.

Dette minner oss om det som Paulus nemner i 2. Kor. 3,18: «Men vi som med usveipt åsyn ser Herrens herlegdom som i ein spegel, vi vert omlaga til det same biletet frå herlegdom til herlegdom, liksom ved Herrens Ande.»

Korleis er det så med oss? Grunnar vi på Guds ord, så det ved Andens hjelp kan påverka oss og gje oss kraft og von?

Einar Vik

Fasteaksjonen – BRØD FOR VERDEN – 1980

Fastetiden er her igjen og for Kirkens Nødhjelp betyr denne tid noe ganske spesielt. «Vår lille bøsse» er igjen spredt rundt til hundretusener av norske hjem. I år er det sendt ut 750.000 bøsser.

Midlene fra årets fasteaksjon vil bl.a. satt inn i følgende land: Pakistan, Thailand (Kampuchea) og Guatemala.


PAKISTAN

Gjennom TV, radio og aviser er det norske folk vel orientert om de tragiske omveltninger som finner sted i Pakistans naboland — Afghanistan. Måneders krig/borgerkrig har rast over landet og påført sivilbefolkningen enorme lidelser. I et siste forsøk på å berge livet og redde seg unna flyangrepene og kampene på bakken,

har hundretusener brutt opp og flyktet over grensen til Pakistan.

Flyktningenes situasjon i det pakistanske fjellområdet, mer enn 200 moh, er meget vanskelig. De fleste forlot sine hjem i Afghanistan kun med en bylt over skulderen, og er fullstendig avhengig av hjelp utenfra for å kunne holde livet gående. Det er ikke bare matsituasjonen som er prekær — vinteren er kommet med full tyngde i de pakistanske fjell, med sne og minusgrader, og har gjort behovet for husrom og varme klær påtrengende.

Fra begynnelsen av november måned og fram til februar 1980 er det hvertfall kommet nye 150 000 flyktninger over grensen. Hjelp til flykt-



Selv om Kirkens Nødhjelp de siste tre år har bygget 14 barneskoler i samarbeid med Guatemalas fjellindianere er det langt igjen før alle barn i dette landet har en skole å gå til. Økte inntekter ved årets fasteaksjon betyr utvidet hjelp til Guatemalas undertrykte fjellindianere.

KYRKJEBLAAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar:

Dagfinn Lofthus

Medarbeidarar:

Johanne B. Helle

og Magne Hesjedal.

Kasserar:

Ragnar Trohjell, 5297 Gammervik.

Postgiro 5 72 34 73.

Bankgiro 3500.50.13117.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,00 for året.

Eksped. og trykk:

Øystese & Co. Trykkeri

5610 Øystese. — Tfn. 55045

GUATEMALA

Kirkens Nødhjelps hjelpeinnsats i den tredje verden drives dels som katastrofehjelp og dels som langtids-hjelp, der en gjennom forskjellige utviklingstiltak er med på å bygge opp framtiden for lokalbefolkingen.

Et av de land der Kirkens Nødhjelp har kommet best i gang med dette, er Guatemala. Her har organisasjonen gjennom fire år arbeidet blant den fattige og forsømte indianerbefolkingen i fjellene, som utgjør mer enn 50 % av Guatemalas innbyggertall.

Dåpen til Kristus

Dei fleste foreldra som ynskjer å få borna sine døpte, veit litt om dåpen, at dåpen er innlemming i den kristne kyrkjelyden og at dåpen fører inn i samfunn med Faderen, Sonen og den Heilage Ande.

Midt i dåpen finn vi Kristus. Og vi finn den Kristus som er frelsar. Det er rett å seia det slik. For dåpen er eit nådemiddel, men Kristus er den eigentlege nådeformidlaren, og nåden er Kristi nåde. Det er Kristi nåde vi finn i evangeliet, og det er dette vi også finn i dåpen. Vi finn ikkje noko anna i dåpen enn i Ordet, det er Ordet som verkar i dåpen.

Siden dåpen skal føra til Kristus, til frelseskjelda på Golgata, så er det naudsynt at barnet får høyra om Jesus. Du som er far og mor, her har du eit ansvar for barnet ditt. Og det gjeld å ta imot den hjelp du kan få, til dømes frå søndagsskulen.

Det som skjer med mange døpte er at dei går bort frå Jesus. Då går dei og bort frå dåpen. Dåpen verkar ikkje noko og er ikkje ein garanti og red-

ningene i Pakistan er og vil de nærmeste måneder bli gitt høyeste priorititet i Kirkens Nødhjelp, og MIDLER SOM KOMMER INN UNDER ÅRETS FASTEAKSJON VIL BLA. BLI SATT INN I HJELPETILTAK FOR DISSE FLYKTNINGENE.

Vi blir stadig fortalt at det er billig å hjelpe mennesker i de fattige land. Dette er i høyeste grad en sannhet i dagens Pakistan. Oppkjøp av varme klær, gensere, koster fra kr. 2,50 — kr. 5,— pr. stk., og varme ulltepper er det mulig å skaffe i Pakistan for fra kr. 15-25 pr. stk. Dette er billig hjelp, og den redder menneskeliv.

THAILAND (KAMPUCHEA)

Det er dessverre ikke bare Pakistan som hjemsøkes av flyktninger i vår tid. Et annet land som lider under byrden av hundredetusener av flyktninger er Thailand. Her har vi to hovedgrupper av flyktninger, nemlig de «gamle» flyktningene fra Laos og Kampuchea, som har vært i flyktningeleire i Thailand gjennom fem år, og den nye strømmen av flyktninger inn i Thailand, som er forårsaket av krigshandlingene i dagens Kampuchea.

ning for dei som går bort frå Jesus. Dåpen gir dei ingen rett til himmel og evig liv. Om dette er det mykje villfaring fordi ein ikkje kjenner til kva Guds ord lærer. Det er det same med nattverden. Dersom ein ikkje trur på Jesus, verkar ikkje nattverden noko godt. For det er ved tru vi blir frelst, seier Bibelen.

Alle som har gått bort frå Jesus, må venda om til Jesus for å bli frelst. Omvending er å koma til Jesus med sine synder, slik som ein er, og ta imot frelsa av nåde.

Det er ikkje noko som er meir naudsynt i kyrkja enn å forkynna omvending til Herren. Og omvending skal forkynnast på same måte for dei døpte som for dei udøypte, at dei treng venda seg til Kristus.

D. L.

Vitjing av folkehøgskule

Den kristne folkehøgskulen har vori til stor hjelpe for mange unge. Der har dei fått kontakt med kristendommen i eit godt miljø saman med andre unge. Mange har sagt ja til Kristus ved slike skular.

Så var vi så heldige her i Vaksdal at vi hadde vitjing frå Nordhordland Folkehøgskule på Frekhaug 2. des. i fjor. Det var Musikklaget som kom ein søndag. Fyrst var dei med på gudstenesta på Dale, så var dei med på eit møte på Stanghelle og så bar det opp att til Dale til konfirmantfest. Det var fint å høyra songen og det var interessant for mange å høyra litt meir om livet på ein slik skule. Kanskje er det nokre unge også herifrå som har tenkt å ta eit kurs på kristen folkehøgskule?

For å få høyra litt meir om livet på ein slik skule ba eg miljøarbeidar Wenche Irjall fortelja litt.

— Kva er eigentleg ein miljøarbeidar?

— Det er ein mellomting mellom lærar og elev. Ein skal vera med og prøve å skapa eit godt miljø på skulen. Det kan vera eit slitsomt arbeid, men også givande. Det er eit storarta miljø på ein folkehøgskule.

Wenche fortel at elevane treng hjelpe med sin problem, for det kan nok vera eit og anna problem som kjem opp.

— Ein kjem kvarandre nær på ein slik skule og når ein bur på internat. Ein kan ikkje skjule seg bak ein maske. Ein lærer å kjenna seg sjølve og andre. Alt dette gir god sosial trening. Det er slikt som kjem godt med i alle yrke.

— Eg vil anbefale den kristne folkehøgskulen for ungdom. Skulen gir også poeng for dei som vil gå vidare på andre skular. Sjølv er Wenche 21 år, men har rukke å gå eit år på Lærerakademiet. Eg takkar for samtalet, og ynskjer lukke til vidare.

Meldingar frå kyrkja

Det tekniske framsteget held fram. No er det fjernvalg og nye telefonnummer. I telefonkatalogen har sokneprest Steinnes fått res.kap. sitt nummer, eg gjer difor merksam på at nummeret til Steinnes (sjå under Kyrkja i katalogen) er 396120, mens tlf.nr. til res. kap. Lofthus er 397088. Under «Kyrkja» finn ein altså rette nummer.

Sakristiet i Eidsland kyrkje er no ferdig, og det er gledeleg.

15. juni vert det ei festgudsteneste

LITT KYRKJESTATISTIKK 1979

	Dale/ Bergsdalen	Vaksdal	Stamnes/ Eidsland	Flatekval/ Nesheim	Tilsaman
Fødde	33 (25)	7 (17)	13 (15)	3 (0)	56 (57)
Døypte	31 (28)	11 (19)	16 (13)	3 (3)	61 (63)
Konfirmerte	36 (36)	17 (19)	16 (13)	11 (4)	75 (78)
Vigde	11 (11)	6 (7)	3 (2)	0 (2)	20 (22)
Jordfeste	22 (30)	10 (14)	9 (10)	3 (0)	44 (54)
Nattverd	548 (610)	459 (369)	458 (202)	206 (203)	1671 (1384)
Utmelde	1 (6)	2 (3)	0 (0)	0 (0)	3 (9)

i Bergsdalen kyrkje som då er 25 år. Kyrkja er ikkje så gammal, men ei lita markering er på sin plass, og dette får vi koma attende til seinare.

21.–23. mars er det familieweekend på Kvamseter, så merk dykk denne datoene de som gjerne vil vera med.

Kyrkjeofringar 1979:

Dale kyrkje	kr. 29.427	(36.933)
Vaksdal kyrkje	» 23.903	(23.774)
Bergsdalen	» 4.122	(3.216)
Stamnes	» 15.522	(14.420)
Eidsland	» 5.361	(5.409)
Flatekval	» 4.711	(4.509)
Nesheim	» 5.576	(3.216)
Tilsaman	kr. 88.625	(93.029)

Tala er gjevne i heile kroner.

KONFIRMASJONSDAGAR 1980

4. mai: Dale og Vaksdal
11. mai: Stamnes og Eidsland
1. juni: Bergsdalen og Eksingedalen.

Hjelp oss å hjelpa!

BLÅ KORS SOSIALBYGG I Bergen har kome godt i gang med sitt naudsynlege arbeid for unge og eldre alkoholmisbrukarar. Det offentlege har sett inn store summar til reising av denne institusjonen, som Bergen Krins av Blå Kors står for den daglege drifta av. Men for å bringa finansieringsplanen vel i hamn søker Krinsen å skaffa til vegar ein halv

million kroner på friviljug vis. Dette er eit så stort lyft at Blå Kors lyt appellera sterkt om hjelpe til å nå målet. Tenk om fem hundrad av dei som leser denne appellen vert minna om å gjeva eit tusund kroner kvar til Sosialbygget sin livsviktige funksjon! Då var jo målet nådd. Er det for optimistisk og unrealistisk å oppnå det!

I alle tilfelle skal det her understrekast at kvar ei gjeve er kjærkomien og vil verta motteken med takksemd.

Lat oss saman gå inn for denne oppgåva, som det har hast med å få løyst!

«Så vert nå og rike i dette kjærleiksverket!» (2. Kor. 8, v. 7).

For INNSAMLINGSNEMNDA
Sverre Tvinnereim Olav Totland
Trond Kjærner-Semb

Gåver vert å senda Bergen Krins av Blå Kors, Engen 22, Bergen:

Bankgiro: 36255733332
Postgiro: 5757851

Dale Fabrikkutsalg

5280 Dalekvam
Tlf. Dalekvam 39 61 61
Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke- jakker og gensere

Ekspedisjonstider ved våre kontor:

DALE, tlf. 39 63 21		
Måndag, tysdag,		
onsdag og fredag 8.30	15.00	
Torsdag	10.00	17.30

VAKSDAL, tlf. 39 72 15		
Tysdag og fredag 8.30	15.00	
Torsdag	10.00	17.00

STAMNES, tlf. 39 80 15		
Måndag	9.30	14.00

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTTS
SKOFORRETNING
Dalekvam**

**Vaksdal koop. Handelslag
V A K S D A L**

Tlf.: Kontor 39 71 12 — Snarkjøp 39 71 10

Kjøp i Dykkar eigen forretning

RADIOSPECIALEN %

Dalekvam
Tlf. 39 61 40

R A D I O - T V
Reparasjonsverkstad

**BØKER — PAPIR — BIBLAR
SALMEBØKER- SANGBØKER**

EIDE & PETERSEN %

Dalekvam
Tlf. 39 61 58

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Dalekvam
Tlf. 39 62 23

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

**Arthur og Arne Vaksdal
KVIKKBAR**

Dalekvam
Tlf. 39 60 61 — 39 60 12

Val i sokneråda

Resultat av vala på nye formenn og viseformenn i sokneråda i Vaksdal for 1980:

Dale sokneråd:

Lasse Vassenden (form.)
Lars Ragnvaldsen (v.form.)

Vaksdal sokneråd:

Jacob Kallekleiv (form.)
Albert Tolås (v.form.)

Stamnes sokneråd:

Kasten Kulshammer (form.)
Johannes Kaland (v.form.)

Bergsdalen sokneråd:

Per Småbrekke (form.)
Per Hatlestad (v.form.)

Eksingedalen sokneråd:

Brita Finne Lavik (form.)
Gunnvor Tyssen (v.form.)

Nesheim sokneråd:

Johan J. Gullbrå (form.)
Gyda Trefall (v.form.)

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

Dale:

Kristine Tvedt, f. 19.7.79, døypt 20.1.80
Camilla Fyllingslid, f. 9.9.79, døypt 20.1.80.

Daniel Eide Hesjedal, f. 3.10.79, døypt 25.12.79.

Lars Christian Solvi, f. 5.10.79, døypt 25.12.79.

Pål Blåflot Vikesland, f. 13.8.79, døypt 29.12.79 i Hauge kyrkje, Lærdal.

Werner Hirth Fenne, f. 23.7.79, døypt 20.1.80.

Vaksdal:

Tom Knutsen, f. 10.7.79, døypt 27.1.80.

VIGDE:

Dale:
Egil Solvi og Solveig Grete Bolstad, vigd 23.11.79.

Gunnar Haagensen og Nina Søndergaard, vigd 29.12.79.

Vaksdal:
Raymond Jacobsen og Synnøve Solas, vigd 24.11.79.
Per Ivar Bruvik og Mona Tørriksen, vigd 8.12.79.

AVLIDNE:

Dale:
Ernst Rønhovde, f. 6.6.1956, død 6.12.79
gravlagd 12.12.79.

Hans Torvik, død 1.10.79, gravlagd 6.10.79 i Tørvikbygd.

Bergljot Konstanse Kulen, f. 29.11.1925, død 11.12.79, gravlagd 18.12.79.
Sofie Arnetvedt, f. 15.1.1885, død 17.1.80, gravlagd 24.1.80.

Olivia Andersen, f. 25.12.1897, død 23.1.80, gravlagd 30.1.80.

Nesheim:

Kari Trefall, f. 1.7.1885, død 18.12.79,
gravlagd 22.12.79.

Vaksdal:

Haldor Simmenes, f. 25.3.1908, død 9.12.79, gravlagd 14.12.79.

Bernhard Trettenes, f. 30.6.1907, død 3.1.80, gravlagd 10.1.80.

Hausvik og Faugstad %

Vaksdal

Telefon 39 72 13

Velkommen til kyrkje

1. søndag i faste, 24. februar:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd. Offer til Israelsmisjonen.
Nesheim kyrkje kl. 11.30. Sokneprest Steinnes. Offer til Det Norske Misjonsselskap.
Stamnes kyrkje kl. 18.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd. Damekoret. Offer til Stamnes Yngreslag.

2. søndag i faste 2. mars:

Eidslandet kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Lofthus. Damekoret. Nattverd.
Dale kyrkje kl. 18.00. Res.kap. Lofthus.

3. søndag i faste, 9. mars:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes.
Flatekval kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Lofthus. Nattverd.
Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste. Kateket Geir Walderhaug.

4. søndag i faste, 16. mars:

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Lofthus.
Dale kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Søndagsskulen. Barnekoret. Offer til Kirkens Nødhjelp.
Eidslandet kyrkje kl. 17.00. Familiegudssteneste ved sokneprest Steinnes. Offer til Kirkens Nødhjelp. Skulen og søndagsskulen.

Maria bokskapsdag 23. mars:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Lofthus. Nattverd. Offer til Misjonssambandet.
Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste. Res.kap. Harald Johnsen.

Palmesøndag, 30. mars:

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Offer til Kirkens Nødhjelp. Song av søndagsskulen.
Nesheim kyrkje kl. 11.30. Familiegudsteneste ved res.kap. Lofthus. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Skjærtorsdag, 3. april:

Dale kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Lofthus. Nattverd.

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd. Offer til Samemisjonen-Fagertun.

Langfredag, 4. april:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.
Flatekval kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Lofthus. Nattverd. Offer til Samemisjonen-Fagertun.

1. påskedag, 6. april:

Dale kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Steinnes. Offer til Det Norske Misjonsselskap.
Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved res.kap. Lofthus. Offer til Santalmisjonen.

2. påskedag, 7. april:

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Steinnes. Offer til Nordhordland Indremisjon.
Eidslandet kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudssteneste ved res.kap. Lofthus. Nattverd. Offer til Misjonssambandet.

1. søndag etter påske, 13. april:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Barnekoret. Offer til Kirkens Nødhjelp.
Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Lofthus. Nattverd.

2. søndag etter påske, 20. april:

Flatekval kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Lofthus. Nattverd.
Dale kyrkje kl. 18.00. Res.kap. Lofthus. Nattverd.

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer

Frukt og grønnsaker

Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 Eidslandet

Avd. 15 — 5296 Eksingedalen